



Ahmet Özsoy
Svaneviksveien 3 B
5063 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/1678 - 20/19912

Saksbehandlar:

Morten Mangerøy Helland

morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:

17.04.2020

Feilretting av grense i matrikkelkart gbnr. 110/15 Alver kommune

Bakgrunn for saken:

Kommunen har fått ein henvendelse angående feil i matrikkelkartet for gbnr. 110/15. 110/15 ligg i dag som ein «sirkeleigedom». Ein sirkeleigedom er ein eigedom som er avmerket i kartet med plassering, men utan at eigedomens utstrekning er definert. Det vert no krevd at grensene vert retta i samsvar med skylddeling for eigedomen. Eigerdomen er ein nausttomt.

Faktiske opplysningar i saka:

Krav om feilretting i matrikkelkartet er innsendt til kommunen og har følgjande vedlegg:

- Skylddeling for gbnr. 110/15.
- Skøyte gbnr. 110/15.
- Stadfesting på avtale om eigarskap etter utviding av naust og førsterett til parkering.

Saksutgreiing:

Grensebeskrivelsen i skylddelinga for gbnr. 110/15 er ganske klar. Grensa tar til i nedsett merkestein i strandlinja 2,3 meter i frå skiftelinja mellom gbnr. 111/2 og 110/3. Naustet som er plassert der i dag ligg med denne avstanden frå skiftelinja. Vidare er grensebeskrivelsen i skylddelinga 6,5 meter i nordleg retning. Den lengden stemmer veldig bra med naustet som ligg der i dag. Vidare går grensebeskrivelsen i austleg retning 4 meter. Når eg måler i kartet er naustet 5,2 meter i breidd med takutstikk, dette avviket er forklart i avtalen som er sendt inn.

Det er sendt inn ein underskreven avtale mellom Olav M Syslak og Aslaug Bull underskreven 1979. Denne beskriv at parkeringsplassen og naustet vart utvida og at Aslaug Bull skal eiga grunnen der naustet står. Aslaug skal ha førsterett til å nytta parkeringsplassen.

Ved eit påbygg på naustet på ca. 0,5 meter frå det opprinnelege på 4 meter, skal naustet i teorien vere ca. 4,5 meter breidd, om du då ligg på litt for takutstikk som ikkje er med i dette, vil ein komme i ca. 5,2 meter som naustet er i kartet i dag. Vidare følgjer grensebeskrivelsen strandlinja tilbake til utgangspunktet.

Når eg digitaliserer grensene som vist i kartvedlegget, får eg eit areal på ca. 25m². Historisk oppgitt areal for gbnr. 110/15 er 25m².

Vurdering:

Kommunen finn at dokumentasjonen som er lagt fram i saken er eintydig og vil derfor rette eigedomsgrensene i matrikkelkartet. Vedlagt føl kartvedlegg som viser korleis grensene vil sjå ut i kartet etter retting, samt skylddelingar, skøyte og avtalar som er beskrevet i dette brevet.

Føremålet med rettinga er kun å forbetre kartet og det er grensene i marka og skyldskiftedokument/jordskiftekartet som er rettslig bindande. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter denne rettinga. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alle berørte naboar vert med dette varsla om forslag til retting, og me ber om at dersom du har merknadar til rettinga gjer oss tilbakemelding innan **13.05.2020**. Dersom me ikkje høyrer noko innan den dato vert grensene ført i matrikkelen som beskreve og vist i kartvedlegg.

Ved vidare kontakt i saka, vennligst referer til saksnummer 20/1678. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Med helsing

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar
Kart og oppmåling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avtale om utviding av naust
Kartvedlegg etter retting
Kartvedlegg før retting
Skylddeling 110-15
Skøyte 110-15

Mottakarar:

Ahmet Øzsoy	Svaneviksveien 3	5063	BERGEN
	B		
Aslaug Bull Kristiansen	Gamle	5019	BERGEN
	Kalvedalsveien		
	31		
Johanne Margrethe Bull Hove	Nubbebakken 16	5022	BERGEN